

BACHELOROPPGÅVE

Barnefattigdom i Noreg

av

Kandidatnummer: 53

Namn: Ingrid Hagen

Child poverty in Norway

Sosialt arbeid

BSV5 - 300

Mai 2016



Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)

Eg gir med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva (Skriv inn tittel) i Brage dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

Kandidatnummer 53, Ingrid Hagen

JA NEI

Innhald

1.0 Innleiing	4
1.1 Problemstilling.....	4
1.2 Presisering av problemstilling	5
1.3 Oppgåvas oppbygging	6
2.0 Metode	6
2.1 Litteraturstudie som metode	7
2.2 Grunngeving for val av metode	7
2.3 Søkeprosess	7
2.4 Kjeldekritikk	9
3.0 Barnefattigdom i Noreg	9
3.1 Korleis målar me fattigdom i Noreg?	10
3.2 Omfang og utvikling.....	11
3.3 Stempling og stigma	12
4.0 Dei fattige barna	13
4.1 Barnets kvardagsliv	15
4.1.1 Skulegang- arena for fagleg og sosial utvikling.....	15
4.1.2 Bustadforhold.....	17
4.1.3 Nettverk, sosial deltaking og fritid.....	19
4.2 Konsekvensar på lang sikt	20
4.2.1 Fysisk og psykisk helse.....	22
5.0 Oppsummering	23
Kjelder	25

1.0 Innleiing

Barnefattigdom var for få år sidan eit ikkje-tema både politisk og elles blant forskarar i Noreg (Fløtten, 2009). Mange assosiera fattigdom med «dei fattige barna i Afrika» der dei ikkje får dekkja sine grunnleggande behov for mat, reint vatn, hushald og skule. I Noreg har me gratis skular, gratis helsevesen, gode trygdeytingar og familievennleg politikk som skal hindre barnefamiliar i å oppleve fattigdom (Fløtten, 2009). Ved tusenårsskiftet kom det likevel forskingsrapportar som viste at det var ein betydeleg del barnefamiliar i Noreg som opplevde fattigdom (Fløtten, 2009). Dette førte til at barnefattigdom vart belyst, og det har i tida etter blitt forska mykje på tema.

Barnefattigdom er eit samfunnsaktuelt tema, og det er eit tema som er relevant i forhold til mitt framtidige yrkesfelt, sosialt arbeid. Bakgrunnen for at eg vel å skrive om barnefattigdom er at eg tykkjer det er interessant å sjå på kva konsekvensar det kan ha for eit barn å vekse opp i ein familie i fattigdom. Medan eg meina det er naudsyn for ein sosialarbeidar å ha kunnskap om dette tema. Barn som kjem til verda i ein fattig familie får ofte ein oppvekst prega av marginalisering. Barna sjølv har liten moglegheit til å endre sin livssituasjon når dei veks opp, og vil kunne bli påverka av dette seinare i livet. Min faglege ståstad er difor at det er viktig at tema er på den politiske dagsorden, og eg meina det er viktig med eit barneperspektiv på fattigdom.

1.1 Problemstilling

Eg vil ha eit individretta syn i denne oppgåva. Det vil seie at eg vil legge fokus på korleis barnet blir påverka av å leve i fattigdom og ikkje dei vaksne. Fattigdom er annleis for eit barn enn for vaksne personar. Eg ynskjer å sjå nærare på kva som kjenneteiknar dei fattige barna. Vidare ynskjer eg å skrive om korleis fattigdom påverkar eit barns liv, og kva konsekvensar det kan ha for eit barns seinare liv å vekse opp i fattigdom. Eg vil å sjå på her og no situasjonen til barna, men også konsekvensane på lang sikt. Difor har eg utarbeida denne todelte problemstillinga;

- *Kven er dei fattige barna i Noreg, og kva kjenneteiknar dei?*
- *Korleis kan barnefattigdom påverke eit barns kvardagsliv, og kva konsekvensar har det for barnet på lang sikt?*

1.2 Presisering av problemstilling

I denne oppgåva går eg ut frå eit relativt perspektiv på fattigdom. Det er vanleg å skilje mellom fattigdom som absolutt tilstand der ein har materiell nød av dei grunnleggande behova, og relativ fattigdom som sjåast på i forhold til levestandard i eit gitt samfunn (Sandbæk, 2010). Townsend skreiv i 1979 ein definisjon som blir mykje brukt. Han seier at ein person kan beskrivast som fattig dersom han eller ho manglar ressursar til å delta i samfunnet sine aktivitetar og oppretthalde den levestandarden som er vanleg i samfunnet (Sandbæk, 2010, s. 22). Dette famnar både manglande ressursar og dei konsekvensane desse manglane kan ha for den sosiale deltakinga til vedkommande (Sandbæk, 2010, s. 22). Omtrent alle som bur i Noreg får dekkja sine grunnleggande behov slik som definisjonen av absolutt fattigdom er, difor er det den relative tilnærminga som blir brukt i Noreg. Dei som blir kategorisert som fattige i Noreg kan føle på mangelen på materielle gode, og slik erfare utestenging frå mange former for fellesskap (Solstad, 2011). Dette perspektivet på fattigdom vil eg jobbe ut frå.

Vidare vil eg fokusere på dei barna som lev i vedvarande fattigdom. Når ein snakkar om fattigdom skil ein ofte mellom det å leve med låg inntekt i eit enkelt år, og varig låg inntekt, også kalla vedvarande låginntekt (NAV, 2013). Eg vil i denne oppgåva ta utgangspunkt i dei som lev under vedvarande inntektsfattigdom. Altså dei som lev med låg inntekt over fleire år, og slik kan kategoriserast som fattige. Det er mange måtar ein kan måle fattigdom, men den mest brukte måten er at ein klassifiserer barn som fattige når familieinntekta er lågare enn ein bestemt prosentdel (Fløtten & Pedersen, 2009). Eg vel difor vidare i oppgåva å nytte omgrepet inntektsfattigdom. Seinare i oppgåva vil eg vise korleis ein målar inntektsfattigdom i Noreg, og kva kritikken er til å måle fattigdom etter inntekt.

Når eg skal drøfte korleis barnefattigdom påverkar eit barns kvardagsliv ser eg på her og no situasjonen til barnet. Her vil eg nytte forskning som er gjort på barn i skulealder. Vidare skal eg drøfte kva dette kan ha å seie for barnet på lang sikt.

Med kvardagsliv meina eg ulike faktorar som er viktig for barn i deira oppvekst. Her vil eg spesielt fokusere på levekårskomponentane skule, bustad, nettverk og helse. Dette er områder som har stor betydning i barnets kvardagsliv. I FN's Barnekonvensjon blir det lagt fram fleire hovudprinsipp som skal liggja til grunn for kva barn har rett på under sin oppvekst, uansett situasjon (FN, 2016). Barnekonvensjonen vart inkorporert i den norske barnevernlova i 2003 som ei tilføyning til menneskerettslova, noko som tilseier at denne lova har forrang framfor

anna nasjonalt lovverk ved motstrid (Sandbæk & Grødem, 2009). Barnekonvensjonen inneheld fleire hovudprinsipp, (1) omsyn til barnets beste, (2) barnets rett til medråderett, (3) prinsippet om ikkje-diskriminering og (4) barnets rett til liv og helse (Kvello, 2008, s. 29).

Prinsipp nummer fire omfattar barnets rett til liv og utvikling. Her blir det fokusert på barnets rett til helsetilbod, rett til sosial tryggleik og tilstrekkeleg levestandard, rett til utdanning og rett til kvile og fritid (Kvello, 2008, s.29). Dette er områder som alle er viktige i eit barns liv, og difor vel eg å fokusere på skule, bustad, nettverk og helse i mi drøfting av barnets kvardagsliv.

1.3 Oppgåvas oppbygging

Oppgåva mi inneheld fem kapittel. I kapittel ein har eg innleiing. Her presentera og presisera eg problemstillinga mi og oppgåvas oppbygging. Kapittel to er min metode del. Her presentera eg kva metode er, korleis ein gjer ein litteraturstudie, grunngeving for mitt val av metode, søkeprosess og kjeldekritikk. I kapittel tre vil eg legge fram kunnskap og teori som eg meina er nødvendig å kjenne til for å forstå min drøfting av problemstilling. I kapittel fire startar eg på mi drøfting av problemstilling. Først drøftar eg kva som kjenneteiknar dei fattige barna, kven dei er og kvar dei bur. Vidare drøftar eg korleis ulike områder i kvardagslivet til eit barn kan bli påverka av å leve i fattigdom. Sist drøftar eg kva konsekvensar det kan vere på lang sikt for eit barn å ha ein oppvekst i fattigdom. I kapittel fem har eg oppsummering, der eg samanfattar det eg har drøfta.

2.0 Metode

Sosiologen Vilhelm Aubert blir sitert i mange samanhengar når det blir stilt spørsmål om kva metode er (Dalland, 2012). Han formulera det slik: «En metode er en fremgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme frem til ny kunnskap. Et hvilket som helst middel som tjener dette formålet, hører med i arsenalet av metoder» (Aubert ref. i Dalland, 2012, s. 111). Metoden blir då som vårt reiskap til å komme fram til det me ynskjer å undersøke. Grunnen for at me vel éin bestemt metode er for at me meina at den vil gi oss gode data og belyse spørsmålet vårt på ein fagleg interessant måte (Dalland, 2012).

2.1 Litteraturstudie som metode

I denne oppgåva har eg valt å bruke litteraturstudie som metode. Ved å bruke litteraturstudie som metode brukar eg andre sin forskning og litteratur for å belyse mi problemstilling (Dalland, 2012). Litteraturstudie skapar difor ingen ny kunnskap, men nye erkjenningar kan komme fram når ein samanliknar fleire undersøkingar (Støren, 2013). Litteraturstudie er vidare ein systematisering av kunnskap, noko som er nyttig arbeid for å skaffa seg meir oversikt over den kunnskapen som er aktuell for mi framtidige yrkesgruppe (Støren, 2013). Det som kan vere utfordringa med ein slik metode er at ein må finne relevante kjelder, som må vere av god kvalitet og av forholdsvis nyare dato. Ein må vere kritisk til dei kjeldene ein vel å bruke, og finne kjelder som har god validitet.

2.2 Grunngeving for val av metode

Grunngevinga for at eg vel denne metoden er at det finst mykje forskning på området, og litteratur på tema frå før. Det er publisert store mengder forskning dei siste åra som vil vere relevant for meg når eg skal finne svar på, og drøfte mi problemstilling. På grunn av oppgåvas omfang og mitt val av tema har det ikkje vore aktuelt med eigen empirisk undersøking. Det ville vore for omfattande å skulle starte med eigen undersøking innanfor tema barnefattigdom når tida er så knapp og oppgåva har sine avgrensingar.

Barnefattigdom er også noko som er allment kjent i samfunnet. Det er noko som mange har kjennskap til frå før, og som blir sett på som eit sosialt problem. På grunn av den allmenne og politiske interessa er det gjort mykje forskning som belyser fleire områder innanfor dette tema. Difor meina eg at den forskinga som er gjort vil kunne gi meg nok materiale for å svare godt på mi problemstilling.

2.3 Søkeprosess

Etter eg hadde valt tema starta eg å finne relevant litteratur for å opparbeide meg ein djupare forståing, for å lettare utarbeide ein problemstilling. Det første eg gjorde var å sjå på tidlegare pensum. Me har hatt om denne tematikken i studiet og eg meina det var lurt å starte her. Eg las generelt om fattigdom, men gjekk fort spesifikt inn på barnefattigdom. Etter kvart i lesinga byrja eg å interessera meg meir for konsekvensar av barnefattigdom, og slik var det eg kom fram til min vinkling og problemstilling.

I søkeprosessen har eg i hovudsak brukt søkemotoren ORIA. Dette er ein søkemotor som let meg søke i bibliotekets samla ressursar, alt av bøker, artiklar, tidsskrift osv. Først brukte eg søkeorda «barn» + «fattigdom», og «barnefattigdom». Då kom boka *Barnefattigdom* av Tone Fløtten opp som første alternativ. Dette er ei bok som har vore viktig for meg, både for å opparbeide ein forståing rundt tematikken, men også når eg skulle byrje å utarbeide ein meir spesifikk problemstilling. Dette er ei empirisk bok, som gjer innsikt i verkelegheita. Barn og familiar har vore med i undersøkingar der det kjem fram korleis dei opplev å leve i fattigdom. Boka baserar seg på empiri frå forfattaren sjølv, men også andre sin forskning, noko som gjer boka til ei sekundærkjelde. Sekundærkjelde er når forfattaren tolkar andre sitt arbeid, og nyttar dette i sin artikkel (Dalland, 2012). Forfattaren skriv sjølv som forord at dette er ei bok som skal samanfatte kunnskapen som finst på feltet, og engasjere og bidra til større forståing av barnefattigdomsproblemet (Fløtten, 2009).

Eg fann også ulike bachelor- og masteroppgåver i søkeprosessen. Desse tekstane jobba eg meg gjennom for og sjå kva kjelder dei nytta som kunne vere aktuelle for meg. Her fann eg mykje relevant, men spesielt fann eg ein NOVA-rapport som treffe midt i blinken for det eg var ute etter. *Barn og unges levekår i lavinntektsfamilier*- Ein panelstudie frå 2000-2009, Mona Sandbæk og Axel West Pedersen (red.). Rapporten har eit longitudinelt design, med datainnsamling i 2003, 2006 og 2009. Dei same familiarene har delteke i alle datainnsamlingane, noko som gir denne rapporten spesiell tyngde. Målet med undersøkinga i denne rapporten var å sjå nærare på samanhengen mellom familiens levekår og barns kvardag over tid; Kva det inneber for eit barn å leve i ein familie med betydeleg lågare inntekt enn familiar elles (Sandbæk & Pedersen, 2010). Data er innsamla på tre forskjellige måtar; besøksintervju, sjølvutfyllingsskjema og informasjon frå offentleg register. I løpet av desse åra som undersøkinga har funne stad har det også blitt gjort kvalitative intervju med 26 av foreldra og tilsvarande del barn. Rapporten er gjort mellom Norske Kvinneres Sanitetsforeining (N.K.S) og NOVA, under NOVAS faglege leiing, og med Statistisk sentralbyrå som ansvarleg for datainnsamling. Eg meinte denne rapporten hadde eit innhald som gav meg godt materiale for å drøfte mi problemstilling. Etter å ha gått gjennom denne rapporten gav det meg også hjelp til å finne ut kva underspørsmål eg ynskjer å vinkle drøftinga av barns kvardagsliv inn mot, som er presisert i innleiinga.

2.4 Kjeldekritikk

Kjeldekritikk skal vise at ein er i stand til å vere kritisk til det materialet ein vel å bruke i oppgåva, og det skal vise kva kriterium ein har nytta under utvalet (Dalland, 2012). Det er viktig at lesaren får ta del i dei refleksjonane ein har gjort seg om kor stor relevans og validitet litteraturen har i forhold til problemstillinga (Dalland, 2012). Eg valde å skrive om eit tema som er forska mykje på, difor er kjeldekritikken ekstra viktig å få fram (Dalland, 2012).

Eg har brukt biblioteket aktivt til å finne mine kjelder, for her var det mogleg med avanserte søk mot det eg spesifikt var på jakt etter. Eg har sett gjennom søkeprosessen at dei same forfattarane går igjen i mange av kjeldene eg har valt å nytte. Dalland (2012) skriv at om forfattarane er kjende innanfor faget kan dette vere ein indikator på at personen har autoritet og god bakgrunn som gjer kjeldene deira gyldige. Både Tone Fløtten og Mona Sandbæk er to dømer på kjende forfattarar innanfor tema barnefattigdom, dette er også to namn som ein ofte ser andre forfattarar viser til under sitt arbeid.

Eg har i hovudsak sett etter litteratur som bygger på kvalitative studiar. Dette var noko eg ynskja på bakgrunn av at då kunne eg få gode utdjupande forklaringar på barnefattigdomsproblematikken. Etter kvart byrja eg også å sjå relevansen av kvantitative studiar. Dette var på bakgrunn av at eg ynskja tal og statistikkar på korleis omfanget av barnefattigdom såg ut. Ut frå min vinkling på drøftinga av kvardagsliv til barna såg eg også på konkrete tal på korleis konsekvensane av barnefattigdom viste seg innanfor skule, bustad, nettverk og helse. Dette var noko rapporten «*Barn og unges levekår i lavinntektsfamilier*» tok føre seg.

Validitet står for relevans og gyldigheit (Dalland, 2012). Kjeldene eg har valt og nytta har eg vurdert som valide. Dette på bakgrunn av at forfattarane er kjende innanfor faget, kjeldene er av forholdsvis nyare dato og det baserar seg på ein blanding av kvalitative og kvantitative forskingsmetodar. Dei kjeldene eg har valt å nytte har difor vore relevante og gyldige i forhold til min problemstilling.

3.0 Barnefattigdom i Noreg

Barn er heilt avhengige av vaksne som kan forsørgja dei. Og det er urimeleg å forvente at barn skal ta vare på, og forsørgja seg sjølv. Barn blir sett på som «verdige trengande» om

ikkje foreldra er i stand til å sørga for dei, og det offentlege må tre støttande inn i tilfeller der dette er nødvendig (Fløtten, 2009).

Når barnefamiliar lev under fattigdom bryt det med prinsippet om sjanselikskap, som står sterkt i Noreg (Fløtten, 2009). Det vil seie at barn som veks opp i fattigdom har mindre moglegheiter og dårlegare livssjansar enn barn som veks opp i normale kår (Fløtten, 2009). Dette er noko eg vil ta med meg vidare i drøftinga av problemstillinga mi.

I denne delen av oppgåva vil eg presentere ulik kunnskap og teori som eg meina er nødvendig for å få ei heilheit i mi drøfting av problemstilling. Eg vil vise korleis me målar fattigdom, omfang og utvikling av barnefattigdom i Noreg, og sist vil eg presentere Goffmans stigma og stemplingsteori.

3.1 Korleis målar me fattigdom i Noreg?

I Noreg, og i resten av Europa, er det mest vanleg å nytte EUs eller OECDs mål på inntektsfattigdom. Med OECDs fattigdomsmål set ein fattigdomsgrensa på 50 prosent av medianinntekta i eit land. EUs fattigdomsmål famnar vidare enn OECD, der inkludera ein alle som har mindre enn 60 prosent av medianinntekta i befolkninga (Nadim & Nielsen, 2009). Medianinntekta vil seie den inntekta som delar befolkninga i to, slik at halvparten har ei inntekt over medianinntekta, medan halvparten ligg under (Nadim & Nielsen, 2009). I Noreg blir EUs mål mest nytta, og det er dette målet eg vil jobba med på bakgrunn av val av forskning som er utdjupa i metodedelen.

Det er sjølvsagt kritikk til denne måten å måle fattigdom på. Ein ofte framført kritikk er at valet av fattigdomsgrense er tilfeldig, og at målet ikkje fortel noko om kva levestandard som er knytt til den valde inntektsgrensa. At ein heller burde fastsette fattigdomsgrensa ut frå kunnskap om kva det kostar å nå ein definert levestandard (Fløtten, 2009). Det burde då vore eit konkret definert forbruks- og levestandardsnivå ein familie skal ha fort å kunne betraktast som ikkje-fattig. Dette er relevant i forhold til å måle fattigdom opp mot barna i familien. Det er vist i studiar at sjølv om familien har ei inntekt som kjem under fattigdomsgrensa, prioritera foreldra forbruket til fordel for barna slik at barnas faktiske materielle levestandard er betre enn familiens låge inntektsnivå skulle tilseie (Fløtten, 2009). Det viser seg likevel at å måle fattigdom etter inntekt ikkje treff så dårleg som kritikken kan tilseie. Barnefamiliar som lev under inntektsfattigdomsgrensa har også ein forhøgja risiko for å mangle eitt eller fleire

«nødvendige» materielle goder (Fløtten, 2009). Det er ikkje eit perfekt samanfall, men det gir grunnlag for å nytte inntekt som mål på fattigdom.

3.2 Omfang og utvikling

Barnefattigdom får stor merksemd i norsk politikk og offentlegheit, difor er det nærliggjande å tru at me snakkar om eit svært omfattande problem (Fløtten, 2009). Men Noreg, saman med dei andre nordiske landa, har faktisk ein forholdsvis låg prosentdel fattige barn i forhold til andre land (Fløtten, 2009).


Hushalda i Noreg har opplevd ein sterk inntektsvekst sida tusenårsskiftet, men ikkje alle hushald har følgd denne generelle veksten. Dette gjeld spesielt dei barnefamiliane med einslege forsørgjarar, men også par med barn mellom 0-6 år (Epland & Kirkeberg, 2015).

Jon Epland og Mads Ivar Kirkeberg har gjennom statistisk sentralbyrå publisert ein artikkel i 2015 som viser korleis omfanget av vedvarande låginntekt i barnefamiliar var i 2013. Då nytta dei ein metode der dei slo saman hushaldsinntektene gjennom ein periode på tre år, og deretter definerte dei alle som hadde ein gjennomsnittleg inntekt lågare enn 60 prosent av mediangjennomsnittet i same periode, som eit låginntektshushald. Etter denne definisjonen var det 8,6 prosent av alle barn under 18 år som høyrde til eit hushald med vedvarande låginntekt i 2013. Dette vil sei 84 300 barn- 6 100 fleire barn enn i 2012 (Epland & Kirkeberg, 2015).

I åra mellom 2004 og 2007 var tala litt annleis. Då opplevde 140 000 barn, 16,5 prosent av alle barn under 18 år, å høyre til eit hushald som *minst éin gong* hadde ei lågare inntekt en EUs låginntektsgrense. Berre 23 000 barn (2,6 prosent) var i denne perioden vedvarande alle fire åra under låginntektsgrensa (Epland & Kirkeberg, 2009). Å vere i ein kortvarig inntektsforverra situasjon kan til dømes skuldast kortvarig arbeidsledigheit, samlivsbrot eller ved overgang frå utdanning til yrkesliv. Store delar av befolkninga vil møte ein slik periode ein gong i løpet av livet. Dette påverkar ikkje barna slik som å leve under vedvarande fattigdom gjer (Epland & Kirkeberg, 2009). Å leve under vedvarande fattigdom kan til dømes gjere til at barna blir ekskludert eller utestengt frå sosiale arena, på bakgrunn av at dei ikkje har moglegheit å delta i same type aktivitet og eige dei same materielle tinga som sine vener (Epland & Kirkeberg, 2009). Dette vil eg ta med vidare i drøftinga av barnets kvardagsliv.

Eg vil avslutte med denne statistikken som viser at det har skjedd ei tydelig auke i andelen barn i låginntektsgruppa sida tusenårsskiftet. Frå 2001 og fram til 2007 kan me sjå at det var ei særleg sterk auke. Deretter var det nokre stabile år, før det i 2012 og 2013 på nytt starta ei auke (Epland & Kirkeberg, 2015). Dette gir oss eit klart bilete på korleis utviklinga og omfanget av vedvarande barnefattigdom i Noreg har vore dei siste åra.

Utviklingen i vedvarande lavinntekt. To ulike definisjoner. Barn under 18 år og befolkningen¹



(Epland & Kirkeberg, 2015).

¹ Aleneboende studenter (siste året i perioden) er utelatt.
Kilde: Inntekts- og formuesstatistikk for husholdninger, Statistisk sentralbyrå.

3.3 Stempling og stigma

Noreg er fleire gonger kåra til eit av verdas beste land å bu i, nordmenn blir difor sett på som rike og vellykka. Slik kan me kanskje sei at me har fått eit stempel. Noreg er eit materialistisk land, med høge standardar. Difor kan barn som lev i fattigdom fort bli stempla og stigmatisert. Eg vil no kort skrive kva stempling og stigma er, og analysere korleis dette råkar fattige barn. Stempling og stigma er også noko eg vil ta med vidare i drøftinga av barnets kvardagsliv, og konsekvensane på langt sikt.

«Stigma og stempling handlar om at ein person blir merka som avvikar, og difor blir behandla annleis enn andre samfunnsmedlemmar» (Schiefløe, 2011, s. 522). I Noreg blir det å leve i fattigdom sett på som eit avvik (Solstad, 2011).

I alle samfunn blir befolkninga delt inn i kategoriar. Det blir då knytt forventningar til oppførselen din, og kva normer du skal følgja i forhold til kva kategori du er ein del av

(Goffman, 2009). Dei etablerte spelereglane som er fastsett i dei ulike kategoriane gjer det mogleg for oss, utan å tenkje noko særleg på det, å forholde oss til desse gruppelemmane. Når me då møter framande menneske kan me berre ved hjelp av kategoriforståing og utsjånad gjere oss opp ei meining om denne personen, og hans sosiale identitet (Goffman, 2009).

Å bli stempla på denne måten inneber eit stigma. Dette kan føra til eit misforhold mellom personens tilsynelatande, og faktiske sosiale identitet (Goffman, 2009). Slik eg tolkar det kan fattige barn bli stempla og kategorisert av andre barn på bakgrunn av mangel på materielle gode, og slik kan dei bli haldt utanfor i sosiale samanhengar. Stempling og stigmatisering kan føre til at det blir skapt ein sjølvoppfyllande profeti. Det vil seie at individ oppfattar seg sjølv slik andre oppfattar dei, i dette tilfellet som ein avvikar (Goffman, 2009).

Goffmans stemplingsteori inneber at dersom ein blir stempla, har vedkommande ein åtferd som bryt med dei forventa normene i samfunnet. Om ein er berar av eit stigma, kan dette føra til låg sjølvtilitt, dårleg sjølvbilete og i nokre tilfeller identitetsforvirring (Goffman, 2009). Tone Fløtten (2009) skriv i si bok, at fattige barn ofte er dårlegare materielt stilt enn andre barn. Dette kan vere grunnlag for å bli stempla. Dei «rike» barna set eit stempel på eit fattig barn på bakgrunn av at han manglar nokre materielle gode, og ikkje på bakgrunn av vedkommandes personlegdom. Barn ser vekk frå dei fattige barnas personlege eigenskapar som kan vera at dei er snille, omtenksame, inkluderande eller vennlege (Goffman, 2009). På bakgrunn av dette kan ein tenke seg til at dei fattige barna ikkje passar inn i fellesskapet, og slik kan bli stempla som avvikar.

4.0 Dei fattige barna

Det er særleg tre kategoriar av barnefamiljar som har ein høg risiko for inntektsfattigdom: barn med innvandrarbakgrunn, einslege forsørgjarar og familjar der dei vaksne har ein svak tilknytning til arbeidsmarknaden (Fløtten & Pedersen, 2009). Eg vil no sjå på desse ulike gruppene, og analysere kvifor dei er i risiko for inntektsfattigdom. Eg vil også analysere den geografiske variasjonen i barnefattigdom, og kvifor det blir sett på som eit storbyfenomen.

I 2007 var det omlag 38 600 barn som levde under vedvarande låginntekt i Noreg, og nærare halvparten av desse hadde innvandrarbakgrunn (Epland & Kirkeberg, 2009, s. 57). Dei fleste av desse borna hadde bakgrunn frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Aust-Europa. I desse innvandrargruppene er det 27 prosent barn som lev under vedvarande låginntekt (Epland &

Kirkeberg, 2009). I same undersøking viser det seg at dei etnisk norske barna utgjør 2,5 prosent av familiar med vedvarande låginntekt. Sannsynet for å høyre til eit hushald i fattigdom er difor ti gonger så høg dersom du kjem frå ein familie med innvandrarbakgrunn (Epland & Kirkeberg, 2009). Dei med innvandrarbakgrunn har ofte ein låg yrkestilknytning, dette viser seg i at det er ein høg del som får sosialhjelp frå NAV (Epland & Kirkeberg, 2009). Dette kan ha med å gjera at dei har låg utdanning, eller utdanning som ikkje blir godkjend i Noreg. På ei anna side kan det også ha samanheng med at dei med innvandrarbakgrunn ofte har større hushald med fleire born, noko som blir sett på som ein av hovudforklaringane for at innvandrarfamiliar kjem under fattigdomsgrensa (Sandbæk, 2010). Innvandrarbarn som veks opp med knappe økonomiske ressursar har samanlikna med andre fattige barn mindre moglegheiter for å delta på sosiale aktivitetar noko som kan føra til sosial eksklusjon. Dette kan tenkjast å ha negativt utslag på deira integrering i samfunnet og kan skape store konsekvensar for barnet på sikt (Epland & Kirkeberg, 2009).

Det er også store forskjellar mellom born som lev med éin forsørgjar, og dei borna som bur saman med to vaksne. I 2007 viste tala at born av einslege forsørgjarar hadde ein del med låginntekt på 8,3 prosent, medan born i parfamiliar hadde tilsvarande del på 3,4 prosent (Epland & Kirkeberg, 2009, s. 54). Det er også interessant å sjå på forskjellane av å leve med ei einsleg mor i forhold til ein einsleg far. Dei som bur saman med einslege fedre har ikkje større sannsyn for å leve under vedvarande fattigdom enn barn generelt. På bakgrunn av at fedrene ofte hadde ein høgare utdanning og dermed sterkare yrkestilknytning enn mødrene (Epland & Kirkeberg, 2009). På den eine sida kan ein tolke dette som at einslege kvinner har generelt dårlegare utdanning enn menn, samtidig som einslege kvinner med utdanning kan bli diskriminert i arbeidsmarknaden. Det finst fleire særskilde overføringar som er mogleg å få frå NAV for dei som er einslege forsørgjarar. Desse viser seg å ikkje vere omfattande nok til å hindre at barn av einslege forsørgjarar ikkje skal ha høgare risiko for fattigdom enn andre barn (Nadim & Nielsen, 2009).

Den siste gruppa som særleg er i risiko for inntektsfattigdom er barnefamiliar der dei vakse har svak tilknytning til arbeidsmarknaden. Generelt har barnefamiliar ein sterk yrkestilknytning, men i undersøkinga som gjekk frå 2004 til 2007 var det likevel 32 000 barn som høyrde til eit hushald der ingen av dei vaksne hadde yrkestilknytning i nokon av åra (Epland & Kirkeberg, 2009). Heile 40 prosent av barna i desse familieane levde under vedvarande låginntekt i 2007, det utgjør omlag ein tredel av alle barn i familiar med vedvarande låginntekt (Epland & Kirkeberg, 2009). Det kan vere fleire grunnar for at dei vaksne har svak tilknytning til

arbeidsmarknaden. På den eine sida kan det vere at dei har ei låg utdanning og slik ikkje får jobb, eller det kan vere dårleg arbeidsmoral som er årsaka. Her kan ein stille seg spørsmålet om det er samfunnet som set dei i ein slik marginalisert posisjon eller om det er dei sjølv? Å ikkje ha tilknytning til arbeidsmarknaden fører til at ein kan bli avhengig av hjelp frå det offentlege. Det er først og fremst overgangsstønad og i nokon grad attføringspengar som er ei viktig inntektskjelde for einslege forsørgjarar (Epland & Kirkeberg, 2009).

Det er også store geografiske variasjonar i førekomst av fattigdom blant barn. Det visar seg at delen fattige barn er størst i fylka Oslo, Østfold og Telemark. Her er barnefattigdommen godt over landsgjennomsnittet. Vestlandet er den landsdelen som har lågast del barn i fattigdom, og spesielt Sogn og Fjordane utmerkar seg her til å vere langt under landsgjennomsnittet (Nadim & Nielsen, 2009). Om me ser på kommunenivå viser det seg at det er avgjerande kor sentral kommunen er. Fleire av dei største kommunane, som Oslo, Sarpsborg og Halden, har langt høgare del fattige barn enn mindre sentrale kommunar (Nadim & Nielsen, 2009). I 2004 var det byane Oslo og Drammen som viste seg å ha klart den største delen fattige barn. Epland og Kirkeberg (2007) forklarte dette med at det er ein høg konsentrasjon av barn med ikkje-vestleg innvandringsbakgrunn i desse byane samanlikna med dei andre storbyane. Som tidlegare nemnt er barn med innvandrarbakgrunn ei gruppe som har høg risiko for å hamne under fattigdomsgrensa. Det er også slik at innvandrarfamiliar ofte ynskjer å busette seg i store kommunar, og i storbyar der det er fleire som har same bakgrunn som dei. Ein kan tolke dette som at dei store kommunane, der det er storbyar, har høg del fattige barn på bakgrunn av høgt tal av familiar med innvandrarbakgrunn.

4.1 Barnets kvardagsliv

Som eg har skrive om tidlegare i oppgåva stiller barnekonvensjonen nokre krav om kva barn har rett på under sin oppvekst. Barna har til dømes rett på helsetilbod, rett til sosial tryggleik og tilstrekkeleg levestandard, rett til utdanning og rett til kvile og fritid. Ut frå desse har eg valt å fokusere på levekårskomponentar som skule, bustad, nettverk og sosial deltaking og helse. Eg vil no drøfte nærare korleis desse kan bli påverka av å leve i fattigdom i Noreg.

4.1.1 Skulegang- arena for fagleg og sosial utvikling

Skulen skal vere ein arena både for fagleg læring, men også for sosial utvikling.

Læringsplakaten i kunnskapsløftet (2006) gir føringar for skulens overordna oppgåver. Her

står det blant anna at skulen skal sikre at den fysiske og psykososiale arbeids- og læringsmiljøet fremjar helse, trivsel og læring (Utdanningsdirektoratet, 2012).

Mykje internasjonal forskning viser at fattige barn i gjennomsnitt har dårlegare språkutvikling og kognitiv utvikling, og klarar seg generelt dårlegare på skulen enn barn frå meir velstående familiar (Dearing, Zachrisson, & Mykletun, 2011). I den norske forskingsrapporten frå Nova «*Barn og unges levekår i lavinntektsfamilier*» viser det seg at det er signifikante karakterforskjellar mellom låginntektsutvalet og kontrollutvalet i studien. Det er spesielt i faga norsk skriftteleg, matematikk og engelsk forskjellane viser seg (Kristoffersen, 2010a). I Norsk skriftleg hadde 39 prosent av låginntektsutvalet karakteren 3 eller dårlegare, medan 24 prosent av kontrollutvalet hadde same resultat. Karakteren 5 eller 6 var omvendt, då var det 17 prosent av låginntektsutvalet mot 32 prosent av kontrollutvalet (Kristoffersen, 2010a). I matematikk var gjennomsnittskarakteren 3,3 i låginntektsutvalet og 3,9 i kontrollutvalet. I engelsk var gjennomsnittskarakteren 3,7 i låginntektsutvalet, mot 4,2 i kontrollutvalet (Kristoffersen, 2010a). Slik kan me sjå at barna som lev i fattigdom blir påverka prestasjonsmessig i skulen. Men kva er grunnen til dette?

Det kan sjølvsagt vere fleire grunnar til dette. På den eine sida kan foreldras knappe økonomi føre til manglande moglegheiter for å investera i barnas faglege utvikling. For eksempel manglande moglegheit for å kjøpe aldersadekvate bøker og leiker (Dearing, Zachrisson, & Mykletun, 2011). Dette er noko som er viktig for barnets tidlege læring. Medan på den andre sida er ein av hovudargumenta som blir trekt fram foreldras utdanningsbakgrunn. Foreldras utdanningsbakgrunn er ein form for kulturell ressurs som kan vere med på å påverke barnets moglegheiter til å lykkast på skulen (Wollscheid, 2010). Foreldras låge utdanningsnivå kan gjere til at dei ikkje klarar å følgje med på barnets faglege utvikling på skulen (Kristoffersen, 2010a). Eg tolkar dette som at barnets læring kan bli påverka om ikkje foreldra er i stand til å hjelpe til med lekser heime. I motsetning til foreldre med meir utdanning som kan gi god utviklingsstøttande leksehjelp.

Motargumentet til ei slik forståing av karakterprestasjonar i skulen kan vere at er det ikkje skulen som i hovudsak har ansvar for barnets faglege læring? Skal foreldra lastast for å ikkje klare å utvikle barnet fagleg? Gudmund Hernes (2010) skriv at det er dei som har minst heimanfrå som tapar mest om skulen sviktar. Det må settast inn rett støtte og hjelp til dei foreldra som ikkje har moglegheit å følgja opp barnet sitt fagleg. Heimen skal ikkje kompensera for ein dårleg skule (Hernes, 2010). Ein skal sjølvsagt ikkje ta frå foreldra

ansvaret for sine egne barn, men det er viktig med eit godt samarbeid mellom skulen og heimen for dette vil vere det mest gunstige for det utsette barnet.

Korleis blir derimot den sosiale utviklinga påverka av å leve i fattigdom? Det viser seg at det ikkje er store forskjellar mellom låginntektsutvalet og kontrollutvalet i kor godt dei trivest på skulen (Kristoffersen, 2010a). Å trivast godt på skulen kan både bety at barnet har gode vener, men også at det har god kontakt med lærar. Det viser seg at dei fleste har god kontakt med lærar, og føler seg sett (Kristoffersen, 2010a). Dette er viktig for at barnet er trygg i klasserommet, og ikkje føler seg forskjellsbehandla av læraren. Å ha vener på skulen er også ein viktig del av skulekvardagen, og gjer til at trivselen blir god og ein utviklar seg sosialt. Jamaldringskultur er sosiale fellesskap barn og unge dannar med jamaldringar, som også kan kallast ein subkultur (Kvello, 2008). Dette handlar om at barna identifisera seg med andre som er lik dei sjølv, det utviklast normer som høyrer til i subkulturen og som skil dei frå dei andre, og det blir fokusert på aktivitetar som sveisar medlemmane saman og skapar tryggleik (Kvello, 2008). Dette kan vere ein av grunnane for at dei fattige barna trivst godt på skulen. Dei finn jamaldringar som dei passar saman med og som dei identifisera seg med slik at dei ikkje hamnar utanfor og føler seg einsame.

Som nemnt tidlegare kan stigma og stemping ofte vere eit større problem for fattige barn enn for andre barn. Barn i fattigdom har ofte mindre tilgang på materielle godar på bakgrunn av foreldras knappe økonomi (Epland & Kirkeberg, 2009). Skulen er ein arena der det ofte er eit stort press på å eige dei rette materielle goda. Presset kjem ofte frå jamaldringar. Ein skal ha dei dyrast merkekleda, eiga den nyaste Iphonen og ha den dyraste sykkelen. Barn som lev i fattigdom kan få eit stempel på seg på bakgrunn av dette. Dei har ikkje moglegheit å kjøpe det nyaste og dyraste. Det som kan tenkjast å vere med på å motverke dette er ein god jamaldringskultur. Her kan barnet identifisera seg med andre som kanskje er i same situasjon, og slik unngå dette presset og stempelet. Det kan på ei anna side tenkjast at dei likevel får eit stempel på seg, men det er betre å stå saman med nokon andre om eit stempelet enn å stå aleine.

4.1.2 Bustadforhold

Bustad er ein viktig komponent i levekåra våre, både for barnet og for dei vaksne i ein familie (Nordvik, 2010). Å leve under vedvarande fattigdom viser seg å påverke negativt for ein barnefamilie bustadforhold (Nordvik, 2010). I Nova rapporten «*Barn og unges levekår i*

lavinntektsfamilier» ser ein på ulike forhold knytt til bustad. Bustadforhold kan tenkjast å påverke barnet på fleire måtar, dette vil eg no drøfte nærare.

Det som visar seg å gå igjen blant barnefamiliar i vedvarande fattigdom er at mange leiger bustaden dei bur i (Nordvik, 2010). Det er lett å forstå at det er vanskeleg for ein fattig familie å komme seg inn på bustadmarknaden i Noreg. Å eige bustad er det mest lønnsame på sikt (Nordvik, 2010). Å leve på sosialhjelp, eller å ha ei inntekt på under 60 prosent av medianinntekta i landet gjer det vanskeleg å kunne investera i bustad. Ein konsekvens av å leige bustad er at det er få som bur på same stad over lengre tid (Nordvik, 2010). Når ein leiger bustad har ein få rettigheitar til å gjennomføra fysiske endringar av bustaden (Nordvik, 2010). Dette kan vere ein av grunnane for at mange vel å flytte etter kort tid. Men kva konsekvensar skapar det for barna å flytte ofte?

Flytting er for eit barn ein konkret erfaring som inneber forandring i livet (Helgeland, 2008). Det har konsekvensar for eit barn å flytte, både å bytte skule og lokalmiljø har sin pris. Det er slitsamt for eit barn å skulle bygge nye sosiale relasjonar og utvikle vennskap på nytt og på nytt (Helgeland, 2008). Ved flytting må barnet komme seg i posisjon der han er attraktiv for andre som ein ven (Helgeland, 2008). Ein kan difor på denne måten tolke flytting som noko negativt. For eit fattig barn som er i risiko for stempling og stigma kan det vere belastande å skulle heile tida bygge opp nye relasjonar med andre. Ein kan ha lite materielt å vise til, og slik fort bli stempla og stigmatisert av dei andre barna på den nye plassen.

For eit barn er også bustaden noko som ein ynskjer å vise fram. Ein ynskjer å ha med vener heim på besøk for å vise jamaldra familiens kapital og kven dei er (Helgeland, 2008). For eit fattig barn som bur i ein leig bustad kan dette vere eit sårt område. Det er ikkje sikkert ein har den beste bustaden å vise fram i forhold til dei andre barna, og det er ikkje sikkert barna har det rette materielle utstyret heime som gjer til at ein blir akseptert. Barn i dag har som regel tv på rommet, ein playstation, og anna utstyr som er morosamt å leike med. Dette kan vere noko eit fattig barn manglar, som gjer det vanskeleg å bli akseptert av jamaldringar.

På ei anna side kan flytting til ny bustad vere noko positivt. Å flytte kan vere ein av dei enklaste måtane å forbetra og tilpasse buforholda (Nordvik, 2010). Eg tolkar dette som at ein kan flytte frå ein liten bustad til noko større, som ti dømes kan føre til at barnet får sitt eige rom. Eller ein kan flytte til noko nytt for å minske utgiftene, og slik få meir økonomisk fridom til andre ting. Barnet kan få meir tilgang til materielle godar om ein flyttar til ein bustad som gir foreldra mindre utgifter. På denne måten kan barnet få meir materielt utstyr som gjer det

meir attraktivt å be med seg jamaldra heim. Samtidig treng ikkje flytting vere negativt om barnet ikkje treng å skifte lokalmiljø eller skule. Då kan barnet føle flyttinga som noko positivt på bakgrunn av at familien då får meir økonomisk fridom til å bygge seg opp kapital på andre områder.

4.1.3 Nettverk, sosial deltaking og fritid

Det blir presisert av norske myndigheiter at alle barn skal ha same moglegheiter til å delta i sosiale aktivitetar uavhengig av foreldras økonomi (Fløtten & Kavli, 2009). Men det visar seg i forskning at dette er eit prinsipp som ikkje blir tilfredsstilt.

Ein opplagd årsak til at fattigdom påverkar den sosiale deltakinga til barnet er at fattigdom i seg sjølv gir mindre moglegheiter (Fløtten & Kavli, 2008). Barn og unge treng pengar til utstyr, medlemsavgifter og inngangsbilletter, og dei treng peng til å delta på dei same fritidsaktivitetar som andre (Fløtten & Kavli, 2009). I samfunnet Noreg slik som det er i dag har dei fleste familiar råd til å kjøpe det rette utstyret og betale medlemsavgiftene for sine barn. Dette fører til at barna som lev i ein familie i fattigdom skil seg ut frå dei andre jamaldringane fordi dei ikkje kan delta på dei same aktivitetane (Fløtten & Kavli, 2009). I Nova-rapporten «*Barn og unges levkår i lavinntektsfamilier*» kan ein lese at barn i låginntektutvalet i undersøkinga deltok i nokon mindre grad i organisert fritidsaktivitet (trening i klubb, t.d. fotball, handball, ridning o.l.) enn barna i kontrollutvalet (Kristoffersen, 2010b). Nesten 40 prosent svarar at dei aldri trenar i klubb eller foreining, mot 28 prosent i kontrollutvalet (Kristoffersen, 2010b). Det er likevell jenter med innvandrarbakgrunn som skil seg ut til å ikkje vere med på organisert fritidsaktivitetar (Kristoffersen, 2010b). Som nemnt tidlegare er barn med innvandrarbakgrunn i ekstra risiko for å hamne under låginntekstgrensa.

På den eine sida kan liten deltaking på organisert fritidsaktivitetar tenkjast å føre til sosial eksklusjon. Barnet har ikkje dei same moglegheitene til å vere sosial med jamaldringar på fritida, noko som kan føra til at barnet har problem med å skaffe seg gode vener. På ei anna side kan det tenkjast å føre til mobbing. Når eit barn ikkje har det «rette» utstyret kan andre barn sjå på vedkommande som ikkje god nok, og mobba han for å ha «feil» utstyr. Å føle seg utestengt eller isolert frå jamaldringsgruppa er ikkje bra for barnet sin sjølvtilitt (Kvelling, 2008). Dette kan ha konsekvensar for barnet på sikt. Det kan til dømes ha noko å seie for den psykiske helsa til barnet, noko eg vil drøfte nærare under konsekvensar på lang sikt.

Ein anna årsak til at fattigdom kan påverke den sosiale aktiviteten til barnet er at fattigdom kan vere negativt for familielivet (Fløtten & Kavli, 2009). Den vedvarande økonomiske uroa til foreldra kan påverke forholdet dei har til sine barn, og kor sosialt aktive dei vaksne er sjølv. Dei får eit lågare energinivå og kan få vanskar med å følgje opp barna på sosiale fritidsaktivitetar (Fløtten & Kavli, 2009). Dette kan tolkast som at foreldra er ute av stand til å bistå barnet på fritida, og deira energinivå kan gå ut over deira eiga sosial deltaking. Foreldras sosiale aktivitetsnivå kan ha betydning for barnet (Fløtten & Kavli, 2009). På den eine sida kan det tenkjast at når foreldra er sosialt aktive sjølv kan dei forstå viktigheita av å vere sosial og slik ta med barnet å lære det opp i sosial omgang med andre (Fløtten & Kavli, 2009). På ei anna side kan ein tolke det som at foreldra har eit stort fokus på seg sjølv, og slik ikkje har tid og kapasitet til vere med og bistå sine barn i deira sosiale liv. Slik kan det vere negativt med sosialt aktive foreldre.

4.2 Konsekvensar på lang sikt

Fattigdom har konsekvensar i barnets kvardagsliv, men det visar seg også konsekvensar på lang sikt. Å oppleve fattigdom i oppveksten kan bidra med dårlegare utsikter som vaksen. Det finst mykje forskning som viser at barn som lev i familiar som har sosialhjelp som inntektskjelde har høgare sannsyn for å sjølv ta i mot sosialhjelp som vaksen. Slik kan ein tolke at fattigdom på ein måte kan gå i arv.

Dei familiane som lev under fattigdomsgrensa er ei gruppe der trygdemottak er utbreidd, og då spesielt mottak av sosialhjelp (Lorentzen & Nielsen, 2009). Når foreldra mottak sosialhjelp aukar dette risikoen for at barna i familien blir sosialhjelpsmottakarar når dei veks opp (Lorentzen & Nielsen, 2009). Ein av grunnane til dette er at barna får holdningar om at det er legitimt å ha trygdeytningar som inntektskjelde i forhold til arbeidsinntekt (Lorentzen & Nielsen, 2009). Ein kan tolke dette som at foreldras sosialhjelpsmottak fjernar stigma knytt til sosialhjelpa. Dei fleste i samfunnet ser på sosialhjelp som noko ein helst vil unngå, men som er eit nødvendig behovsprøvd gode ein kan få om det er nødvendig. Barna som veks opp i ein familie som får sosialhjelp har ingen negative holdningar knytt til sosialhjelpa og kan sjå på dette som ein lettare utveg enn å skaffe seg arbeid.

Utdanning er noko som fungerer som ein forsikring mot økonomiske problem og sosialhjelp (Lorentzen & Nielsen, 2009). Foreldras utdanningsnivå som er nemnt tidlegare har mykje å seie for barnet, både reint økonomisk, men det påverkar også utdanningsløpet til barnet. Det

visar seg i Lorentzen og Nielsens forskning at dei barna som har foreldre med låg utdanning har dobbelt så stort sannsyn for å bli mottakarar av sosialhjelp når dei blir vaksne (Lorentzen & Nielsen, 2009). Eg tolkar dette som at når foreldra har låg utdanning kan dette føre til at dei ikkje er like sterkt knytt til arbeidsmarknaden, og slik har behov for sosialhjelp som inntektskjelde. På ei anna side kan deira utdanningsnivå påverke barnets skulegang, slik som er nemnt tidlegare, med leksehjelp heime. Barna får ikkje den nødvendige støtta frå foreldra når det kjem til utdanningskarriere, og har holdningar om at det er legitimt å leve på sosialhjelp når dei blir vakse. Dei ser ikkje på utdanning som noko nødvendig, og kan gjennom sine mindre gode prestasjonar i grunnskulen ikkje ynskje å ta utdanning.

Konsekvensane av og ikkje ta utdanning kan også gje utslag på andre områder. Som nemnt i førregående drøftingsdel er det å eige bustad det som er mest lønnsamt (Nordvik, 2010). For dei som har dårleg tilknytning til arbeidsmarknaden på bakgrunn av låg utdanning, kan det å kjøpe bustad bli vanskeleg. Ein har liten moglegheit til å tene seg opp god eigenkapital som er nødvendig om du i dag skal kjøpe bustad. Då vil desse barna kunne gå i sine foreldres fotspor å måtte leige bustad når dei bli vaksne. Slik kan fattigdom då gå i arv til deira framtidige barn igjen.

Me kan sjølvsagt ikkje sei at alle barn vil oppleve dei same konsekvensane av å leve i fattigdom. Eit motargument til konsekvensane som no er nemnt kan vere fenomenet *klassereise*. Dersom ein person veks opp i botnen av lagdelingshierarkiet i samfunnet, er det stort sannsyn for at han blir verande i ein låg posisjon vidare i livet (Schieffloe, 2011). Det vil seie at eit barn som veks opp i ein marginalisert posisjon i fattigdom, har stort sannsyn for å bli verande i denne posisjonen. Klassereise handlar om menneske som bevegar seg frå sitt låge utgangspunkt og opp mot toppen i lagdelinga i samfunnet (Schieffloe, 2011). Den eine måten eit fattig barn kan gjere dette er gjennom skulen og utdanning. Barnet vel å ta høgare utdanning enn sine foreldre, og vil slik kunne komme seg inn på arbeidsmarknaden og unngå fattigdom når han blir vaksen. For å få til dette kan ein trekke inn skulen som ein aktuell viktig aktør. Som eg har skrivne tidlegare må skulen kompensere om ikkje heimen er i stand til å hjelpe barnet nok i den faglege utviklinga (Hernes, 2010). Gode lærarar som kan hjelpe og støtte barnet i den faglege utviklinga kan føre til at barnet klarar å prestere betre på skulen, og slik få motivasjon til å ta meir utdanning og gjere ei klassereise.

4.2.1 Fysisk og psykisk helse

Det er ofte slik at helsekonsekvensane visar seg meir på sikt enn i kvardagslivet. I kvardagslivet viser Nova-rapporten «*Barn og unges levekår i lavinntektsfamilier*» at det er noko dårlegare helseressursar blant låginntektsutvalet enn kontrollutvalet. Låginntektsutvalet rapportera at dei føler dei har litt dårlegare allmenn helsetilstand enn barn og unge flest (Elstad, 2010). Det bli også rapportert i nokon større grad symptom som hovudpine og vanskar med å sove blant låginntektsutvalet (Elstad, 2010). Eg tolkar dette som små forskjellar som i seg sjølv ikkje har så stor negativ betydning for eit barns kvardagsliv.

Ein av dei helseplagene som kan gi større konsekvensar på sikt er det som kjem som konsekvens av dårleg kosthald. Det viser seg i «*Barn og unges levekår i lavinntektsfamilier*» at barn frå låginntektsutvalet har noko mindre høgdevekst og teikn til høgare kroppsmasseindeks enn barna i kontrollutvalet (Elstad, 2010). Som ein forklaring på dette blir det lagt fram at dårleg økonomi fører til dårlegare kosthald, og at familiens stressa økonomiske situasjon kan påverke veksten til barnet (Elstad, 2010). På ei anna side kan ein sjå på den genetiske forklaringa. Foreldras eigen høgde og kroppsform spelar inn. Og barna har ofte medfødde anlegg til å likne på sine foreldre (Elstad, 2010). Ein kan tolke dette som at foreldras matvanar og aktivitetsvanar spelar ei rolle for barnets vanar. Det er foreldra som har ansvar for å forsørgja sine barn og slik er det deira ansvar at dei får eit variert og sunt kosthald. Om maten i huset ofte er usunn kan dette ha mykje å seie for barnet. På same måte spelar aktivitetsnivået til foreldra inn på kor aktive barna er. Noko som er allment kjent er at eit dårleg kosthald og lite aktivitet kan føra til helseproblem. Konsekvensane av å leve med eit dårleg kosthald kan til dømes vere hjarte og karsjukdommar, eller diabetes.

Korleis kan den psykiske helsa til barnet bli påverka av fattigdom? Som eg har skrive tidlegare kan liten deltaking i organisert fritidsaktivitet og mangel på materielle godar føre til stempling og stigma. Dette kan igjen føra til dårleg sjølvtilit og dårleg sjølvbilete, noko som kan vere forløpar til angst og depresjonslidingar (NOU 2015:2, 2015, s. 77). Det er funne høge nivå av depresjon hjå vaksne som har blitt mobba som barn (NOU 2015:2, 2015, s. 77). Kjensler er ein grunnleggjande dimensjon i menneskelivet, og det uttrykkjer vår sensitivitet ovanfor det som skjer i kring oss (Underlid, 2006). Slik kan ein tolke at stempling og stigma kan føra til kjensla av skam, og for å ikkje vere god nok og dette er noko som kan henge ved eit barn inn i vaksenlivet og skape risiko for angst og depresjonslidingar.

5.0 Oppsummering

Ein kan sjå at banefattigdommen har auka i Noreg. Og det viser seg at det er nokre spesielt utsette grupper i samfunnet som har høg risiko for å hamne under fattigdomsgrensa: familiar med innvandrarbakgrunn, barn av einslege forsørgjarar og familiar der dei vaksne har dårleg tilknytning til arbeidsmarknaden. Ein kan også sjå at barnefattigdommen er eit problem som er størst i byane, noko som kan tenkjast er på grunn av at det er her flest innvandrarfamiliar som ynskjer å busette seg.

Eg har drøfta korleis barnefattigdom påverkar ulike faktorar ved eit barns kvardagsliv. Skulekvardagen blir påverka gjennom i nokon grad dårlegare prestasjonar, men barna kan likevel trivast godt på skulen. Bustadforholdet blir også påverka. Barnet kan oppleve å vekse opp i leigd bustad, noko som me ser ofte resultera i hyppig flytting. Dette kan på ei side kan vere negativt, med å måtte bygge opp nye vennerelasjonar ofte. På ei anna side positivt, på bakgrunn av at utgifta på bustaden kan minske, og foreldra får då meir økonomisk fridom til andre ting til barna. Vidare visar det seg at barnets sosiale deltaking kan bety mykje for barnets nettverk. Om ikkje barnet får delta på sosiale fritidsaktivitetar på grunn av familiens knappe økonomiske ressursar kan dette føre til stigma og stempling frå andre jamaldringar. Barnet har behov for at foreldra kan betale for medlemsavgifter og materielt utstyr for å få delta i fritidsaktivitetar med jamaldringar. Det viser seg at om ikkje barna får denne moglegheita kan dei fort hamne utanfor sosialt.

På sikt ser me at barnefattigdom også påverkar eit barns liv. Helse er blant anna den faktoren som viser deg å bli mest påverka på sikt og ikkje så veldig mykje i kvardagslivet. I kvardagslivet viser det seg ein liten forskjell i allmennhelse, men dette gjer ikkje dei største utslaga for eit barns kvardagsliv. På sikt viser det seg at helse kan bli påverka av å ha levd i ein familie med lågt aktivitetsnivå, og dårleg kosthald. Dette kan påverke den fysiske helse til barnet i vaksen alder. Mobbing som kjem av stempling og stigma kan på ei anna side verke inn på den psykiske helse i vaksen alder. Det viser seg å vere kopling mellom mobbing i ung alder, og depresjon og angstlidingar i vaksen alder.

I arbeidet med denne oppgåva har eg lært at det er viktig å hugse på at alle barn er individuelle, og me har alle våre måtar å handtere ulike situasjonar på. Det er ikkje nødvendigvis slik at alle barn som lev i fattigdom vil bli påverka likt. Nokon kan til dømes gå ei klassereise, og slik unngå å gå i sine foreldres økonomiske fotspor. Kunnskapen eg har

tileigna meg gjennom arbeidet med denne oppgåva er noko eg vil ta med meg vidare i mi yrkeskarriere. Og eg ser på denne kunnskapen som nyttig innanfor faget sosialt arbeid.

Kjelder

- Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Dearing, E., Zachrisson, H. D., & Mykletun, A. (2011). Fattigdommens konsekvenser for utvikling og psykisk helse. *Tidsskrift for norsk psykologforening*, s. 785-787.
- Elstad, J. I. (2010). Helse blant barn og unge i lavinntektsfamilier. I Sandbæk, M., & Pedersen, A. W. (Red.), *Barn og unges levekår i lavinntektsfamilier- En panelstudie 2000-2009* (s.185-206). (Nova-rapport 2010:10). Henta frå: http://www.nova.no/asset/4728/1/4728_1.pdf
- Epland, J., & Kirkeberg, M. I. (2009). Barn i lavinntektsfamilier - omfang og utvikling. I T. Fløtten, *Barnefattigdom* (s. 48-70). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Epland, J., & Kirkeberg, M. I. (2007, 20. september). Barn i familier med vedvarende lavinntekt- Hvor bor de?. Henta 10. mai 2016 frå: <http://ssb.no/inntekt-og-forbruk/artikler-og-publikasjoner/hvor-bor-de>.
- Epland, J., & Kirkeberg, M. I. (2015, 05. februar). Utvikling i vedvarende lavinntekt- Fleire økonomisk utsatte barn. Henta 10. mai 2016 frå: <https://www.ssb.no/inntekt-og-forbruk/artikler-og-publikasjoner/flere-okonomisk-utsatte-barn>.
- Fløtten, T. (2009). Barnefattigdom. I T. Fløtten, *Barnefattigdom* (s. 15-24). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Fløtten, T., & Kavli, H. C. (2009). Barnefattigdom og sosial deltakelse. I T. Fløtten, *Barnefattigdom* (s. 92-118). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Fløtten, T., & Pedersen, A. W. (2009). Når kan barn kalles fattige? En opinionsbasert tilnærming. I T. Fløtten, *Barnefattigdom* (s. 25-47). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- FN. (2016). *FNs konvensjon om barnets rettigheter (Barnekonvensjonen)*. Henta 10. mai 2016 frå: <http://www.fn.no/FN-informasjon/Avtaler/Menneskerettigheter/FNs-konvensjon-om-barnets-rettigheter-Barnekonvensjonen>.

- Goffman, E., Kristiansen, S., Hviid Jacobsen, M., & Gooseman, B. (2009). *Stigma : Om afvigerens sociale identitet* (2. udg. ed.). Frederiksberg: Samfundslitteratur.
- Helgeland, I. M. (2008). "Det handler ikke bare om penger." Barnevernsbarn og fattigdom. I I. Harsløf, & S. Seim, *Fattigdommens dynamikk- Perspektiver på marginalisering i det norske samfunnet* (s. 171-185). Oslo: Universitetsforlaget.
- Hernes, G. (2010). *Gull av gråstein: Tiltak for å redusere frafall i videregående opplæring* (FAFO-rapport 2010:03). Henta frå:
http://www.faf.no/media/com_netsukii/20147.pdf.
- Kristoffersen, L. B. (2010a). Trivsel og prestasjoner i skolen. I Sandbæk, M., & Pedersen, A. W. (Red.), *Barn og unges levekår i lavinntektsfamilier- En panelstudie 2000-2009* (s.135-163). (Nova-rapport 2010:10). Henta frå:
http://www.nova.no/asset/4728/1/4728_1.pdf
- Kristoffersen, L. B. (2010b). Fritid og sosial deltakelse. I Sandbæk, M., & Pedersen, A. W. (Red.), *Barn og unges levekår i lavinntektsfamilier- En panelstudie 2000-2009* (s.165-174). (Nova-rapport 2010:10). Henta frå:
http://www.nova.no/asset/4728/1/4728_1.pdf
- Kvello, Ø. (2008). En globalisert norsk barndom. I Kvello, Ø. (Red.), *Oppvekst- om barn og unges utvikling og oppvekstmiljø*. (s. 21-42). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Kvello, Ø. (2008). Jevnaldrende som sosialiseringssagenter. I Kvello, Ø. (Red.), *Oppvekst – om barn og unges utvikling og oppvekstmiljø*. (s. 233-255). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Lorentzen, T., & Nielsen, R. A. (2009). Går fattigdom i arv? I T. Fløtten, *Barnefattigdom* (ss. 119-139). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Nadim, M., & Nielsen, R. A. (2009). *Barnefattigdom i Norge- omfang, utvikling og geografisk variasjon* (Faf-rapport 2009:38). Henta frå:
http://www.faf.no/media/com_netsukii/20128.pdf.
- NAV. (2013, 23. august). *Barnefattigdom*. Henta 10. mai 2016 frå:

<https://www.nav.no/no/NAV+og+samfunn/Samarbeid/For+kommunen/Relatert+informasjon/barnefattigdom>.

Nordvik, V. (2010). Bolig og boforhold. I Sandbæk, M., & Pedersen, A. W. (Red.), *Barn og unges levekår i lavinntektsfamilier- En panelstudie 2000-2009* (s. 97-121). (Nova-rapport 2010:10). Henta frå: http://www.nova.no/asset/4728/1/4728_1.pdf

NOU 2015:2 (2015). Å høre til- Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø. Henta frå: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2015-2/id2400765/>.

Sandbæk, M. (2010). Barn i inntektsfattige familier- tredje datainnsamling. I Sandbæk, M., & Pedersen, A. W. (Red.), *Barn og unges levekår i lavinntektsfamilier- En panelstudie 2000-2009* (s. 19-35). (Nova-rapport 2010:10). Henta frå: http://www.nova.no/asset/4728/1/4728_1.pdf.

Sandbæk, M., & Grødem, A. S. (2009). Barnefattigdom i et rettighetsperspektiv . I T. Fløtten, *Barnefattigdom* (s. 184-201). Oslo: Gyldendal Akademisk.

Sandbæk, M., & Pedersen, A. W. (2010). *Barn og unges levekår i lavinntektsfamilier- En panelstudie 2000-2009* (Nova-rapport 2010:10). Henta frå: http://www.nova.no/asset/4728/1/4728_1.pdf.

Schiefloe, P. M. (2011). *Mennesker og samfunn- innføring i sosiologisk forståelse*. Bergen: Fagbokforlaget.

Solstad, A. (2011). *Pengene og livet- økonomisk rådgivning i sosialt arbeid*. Oslo: Universitetsforlaget.

Støren, I. (2013). *Bare søk! - Praktisk veiledning i å skrive litteraturstudier*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Underlid, K. (2006). *Fattigdommens psykologi- Oppleving av fattigdom i det moderne Norge*. Oslo: Det Norske Samlaget.

Utdanningsdirektoratet. (2012, 23. januar). Prinsipp for opplæringa- Læringsplakaten. Henta 10. mai 2016 frå:
<http://www.udir.no/Lareplaner/Kunnskapsloftet/Prinsipp-for-opplaringa/Laringsplakaten/>.

Wollscheid, S. (2010). *Språk, stimulans og læringslyst : Tidlig innsats og tiltak mot frafall i videregående opplæring gjennom hele oppveksten : En kunnskapsoversikt* (Vol. 12/2010, NOVA-rapport (online)). Oslo: NOVA.